



Tysseland Arkitektur As  
Valkendorfs-gaten 9  
5012 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3003 - 17/5466

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
17.03.2017

## Godkjenning - igangsettingsløyve for grunn- og betongarbeid i Mjåtveitmarka B24 hus - 07, gbnr 22/166,173.

**Administrativt vedtak. Saknr: 77/2017**

**Tiltakshavar:** Mjåtveitmarka B16 AS  
**Ansvarleg søkjar:** Tysseland Arkitektur AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 - 1 , jf. § 21 - 2, 5. ledd

### **Saksutgreiing:**

#### Tiltak:

Tysseland Arkitektur AS har, på vegne av tiltakshavar Mjåtveitmarka B16 AS, søkt om igangsettingsløyve (IG) for grunn- og betongarbeid for hus 07 med sju bueiningar på planområde B24 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/166, 173.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 28/2017, dagsett 03.02.2017.

### **Vurdering:**

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

#### Lov - og plangrunnlag

Tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget. Det blir vist til rammeløyvet for nærare opplysningar om dette.

#### Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 13.03.2017 eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 - 1.

## Vedtak

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for grunn- og betongarbeid ved oppføring av hus 07 med sju bueiningar på planområde B24 i Mjåtveitmarka, gbnr 22/166, 173, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 13.03.2017.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gitt unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt gjennomføringsplan dagsett 13.03.2017 og innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Mjåtveitmarka B16 AS                      Valkendorfsгатen    5012                      BERGEN  
9

### Mottakere:

Tysseland Arkitektur As                      Valkendorfsгатen    5012                      BERGEN  
9